



INNKALLING TIL FØRSTE MØTE POLITISK UTVAL FOR GJENNOMGANG AV POLITISK STYRINGSSTRUKTUR FOR NYE ØYGARDEN KOMMUNE

(varamedlemmer møter berre etter særskilt innkalling)

Det vert med dette kalla inn til første/ konstituerande møte i utvalet.

Tid: Tysdag 7.november 2017 kl. 1500 – 1800

Stad: Prosjektorganisasjonen/ fellesnemnda sine lokale på Skjenet 2 på Straume

Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune vedtok i møte 02.10.2017, sak 8/17, å oppretta eit politisk samansett utval «som skal gå gjennom den politiske styringsstrukturen fram mot etablering av Nye Øygarden kommune, inkludert å føreslå nytt delegasjonsreglement». Val av medlemmer blei fullført i møte 30.10, sak 21/17. Jfr vedlagte protokoll frå møta.

I møte 30.10, sak 23/17, vedtok fellesnemnda også mandat for utvalet sitt arbeid. Sjå vedlagte protokoll frå møtet.

Med utgangspunkt i dette materialet, Intensjonsavtale for Nye Øygarden kommune, gjeldande politiske delegasjonsreglement for hhv. Sund, Øygarden og Fjell, og oversyn over gjeldande politiske organisering i dei tre kommunane, alt vedlagt denne innkallinga, føreslår leiaren følgjande

Saksliste:

1. Velkomen v/ leiar
2. Konstituering
3. Gjennomgang av vedlagte materiale
4. Plan for arbeidet vidare
5. Eventuelt

Leiaren vil føreslå følgjande tidspunkt for dei vidare møta i utvalet:

Møte 2: 28.november 2017

Møte 3: 09.januar 2018

Møte 4: 30.januar 2018

Møte 5: 20.februar 2018

Møte 6: 20.mars 2018

Tidspunkt for alle møta: kl. 1400 – 1700

Møtestad for møta vert å kome attende til under 5.Eventuelt.



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Vel møtt!

Med venleg helsing
For leiar Marianne Sandahl Bjorøy

Willy Sørensen
Prosjektmedarbeidar/ Sekretær for utvalet